



Mattilsynet

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Feltkontroll av hjorteviltkjøt Regelverk

**Mattilsynet Distriktskontoret for Nordfjord
v/ Rolf Erlend Hilde**

Innhold



- **Kort om ansvar**
- **Kort oversikt over regelverk**
- **Regelverk om viltlevande vilt**
 - Kva er kompetent jeger?
 - Utdanning?
 - Kva oppgåver?
- **Kontroll av viltlevande vilt**
 - Kva skal de kontrollere?
 - Kva skal MT kontrollere?
- **Omsetning av viltlevende vilt**
 - Kva gjeld?
 - Kven kan motta viltkjøt kontrollert av feltkontrollør?

Feltkontrolløren sitt egentlege ansvar

**UNNGÅ DENNE
SITUASJONEN!**



Feltkontrolløren sitt egentlige ansvar

**Og bidra til
at dette blir
resultatet:**




Kva skal opplæringa innehalde?

- a) viltlevande vilts **normale** anatomi, fysiologi og atferd,
- b) unormal atferd og patologiske endringar hos viltlevande vilt som følge av **sjukdommar**, **miljøureining** eller andre faktorar **som kan påverke menneske si helse** etter konsum,
- c) **hygienereglar** og korrekte metodar for m.a. handtering og transport av, og uttak av indre organ frå, viltlevande vilt etter felling
- d) **lovgjeving** og administrative bestemmelsar om menneske og dyr si helse og hygieniske forhold vedr. omsetting av viltlevande vilt.

Nytt hygieneregelverk

- ei forenkla oversikt



Kva er hygienepakken – og kva betyr det for ein jeger?

Det viktigaste i denne sammenheng er:

- **EU forordning nr. 853/2004 om animalske næringsmidler**
 - Animaliehygieneforordningen (H2)
- **Forskrift om særlige hygieneregler for næringsmidler av animalsk opprinnelse**
 - gjennomfører forordning (EF) nr. 853/2004 i § 1, og
 - fastset nasjonale bestemmelser

Krav i EU forordningen (853/2004)(H2)

Utdanning av jegerar i helse og hygiene skal medføre at jegerar eller jaktoppsyn får tilstrekkeleg kunnskap om:

- Patologi til viltlevande vilt
 - Skal kunne skille normalt frå unormalt
- Produksjon og handtering av vilt og kjøt frå vilt
 - Hygienisk slakting, handtering og oppbevaring
- Konsekvens ved nok kompetanse:
 - Feltkontrollør = kompetent jeger: kan utføre ei første undersøking på staden

Verkeområde for kompetent jeger:

Feltkontrollør:

- Medlem på eit jaktlag
- Jaktoppsyn

Skal ha god kjennskap til terrenget viltet lever i.

Feltkontrollør må ha tilknytning til staden/terrenget viltet blir felt. Ikkje ambulerande kontroll over store område.

Undersøking av feltkontrollør:

Kontrolløren skal kontrollere at:

- a) Magar og tarmar er tatt ut av dyret så snart som mogeleg etter felling, og at slaktet er avblødd.
- b) Kontroll av skrott og indre organ for teikn som kan tyde på at kjøtet kan utgjere ein helserisiko.

Kjøtet kan godkjennast dersom:

- a) ingen unormal atferd vart sett før felling
- b) ingen unormale teikn vert påvist under undersøkinga
- c) ikkje mistanke om miljøureining

Kontrolløren godkjenner viltet ved å:

- a) feste ei nummerert erklæring på skroten



Når skal Mattilsynet inn i biletet?

- Viss ein påviser unormale forhold ved viltet (t.d.) :
 - Unormal **atferd** før felling,
 - **Unormale funn på organ eller skrott**
 - **Hygieniske** standard ,
 - Vilt avliva pga. **skade, påkøyrse** mv.(fallvilt)
- I slike tilfelle skal viltet ikkje godkjennast!
- Mattilsynet må då utføre kontroll på kontrollstad for vilt, eller viltbehandlingsanlegg.

Mattilsynets kontrollopplegg for vilt

- **Kontrollstad for vilt**
 - Relativt enkle bygningsmessige krav
 - Kjøtet kan kun omsetjast nasjonalt
- **Viltbehandlingsanlegg**
 - Strenge bygningsmessige og driftsmessige krav
 - Kjøtet kan eksporterast

Hjortevilt kontrollert av feltkontrollør

Kan omsetjast direkte til:

- **Sluttforbrukar**
- **Lokal detaljist som sel direkte til sluttforbrukar**
- **Viltbehandlingsanlegg**



Unntak

§ 15. *Unntak*

Krava i § 12 til § 14 gjeld ikkje tilfeldig omsetning direkte til sluttforbrukar.

Dette betyr at "vanleg" jeger kan selje viltlevande vilt i mindre mengder til sluttforbrukar utan at dette er kontrollert.